

Referat frå styremøte 30.03. 2016

Møtet vart halde i Kulturvernets Hus, Øvre Slottsgate 2 b, Oslo

Tilstade: Eli Ulvestad (leiar), Solveig Torgersen Grinder (nestleiar) Per Haarr , Endre Kleiveland, Anne Langmoen, Kjell Helge Moe , Frode A Rismyhr og Tore Friis Olsen

Fråver: Helen Hansen (2.vara)

Frå kontoret: Sina Bråten Lunde og Kjærsti Gangsø

13/2016 Referat frå styremøtet 15.02.2016

Vedtak:

Referat frå styremøtet 15.02.2016 blir godkjent.

14/2016 Orienteringar

Styret fekk munnleg orientert om status på desse sakene:

- 1) Rapport yrkesfaglig utval
- 2) Teateralliansen
- 3) Status kompetansehevingstilskotet
- 4) FNV møte i Norge 14-16.09.2016
- 5) Strategiplan
- 6) Kulturalliansen
- 7) Frivillighet Norge
- 8) VOFO
- 9) Bunadtilverkarfaget ut av lista som verneverdig fag.

Vedtak:

Informasjonen blir tatt til orientering

15/2016 Årsmøtet 2016

Årsmøtet blir halde på Felix kurs- og konferansesenter på Aker Brygge i Oslo, 25.mai kl 10:00-15.00.

Stortingsrepresentant Anders Tyvand frå Krf og utdanningskomiteen er gjest og innleiar på møtet.

Kontoret finn innleiar til eit miniseminar om politisk påverknad og vurderer kulturprogram.

Arbeidsdeling med framlegging av saker:

Årsmelding 2015 – Eli Ulvestad

Rekneskap 2015 – Frode Rismyhr

Budsjett 2017- Per Haarr

Ny medlemsorganisasjon – Solveig Torgersen Grinder

Vedtak:

Møtet blir planlagt og gjennomført i tråd med debatten i styret.

16/2016 Førebels årsmelding 2015

Styret gjekk gjennom årsmeldinga.

Vedtak:

Framlegg til Årsmelding 2015 blir godkjent og blir lagt fram for årsmøtet til endelig godkjenning.

17/2016 Årsrekneskap 2015

Årsrekneskapen viser eit overskot på 682.878,- Det er omlag 500.000 meir enn budsjett. Høgare inntekter og god kostnadskontroll er forklaring på resultatet.

Vedtak:

Rekneskap 2015 med eit overskot på 682.878 blir godkjent og lagt fram for årsmøtet til endelig godkjenning. Styret rår til at overskotet blir lagt til eigenkapitalen.

18/2016 Budsjett 2017

Framlegg til rammebudsjettet bygger på om lag same aktivitetsnivå som i 2016 men med ei vekst i lønn og tilskott på 3%, og forventa vekst i timetall. Dagens styrehonorar vart vedteken i 2008 og bør vurderast. Det er eit møtehonorar på kr 1200,- per møte og at leiar har eit fast årleg honorar i tillegg på kr 10.000.

Vedtak

Framlegg til rammebudsjett 2017 blir vedtatt. Styret ber valnemnda vurdere justering av styrehonorar.

19/2016 Rekneskap 29.02.2016

Rekneskapsrapporten vart gjennomgått.

Vedtak:

Rekneskapsrapport 29.02.2016 blir tatt til vitande.

20/2016 Ny rekrutteringskampanje

Styret vart presentert for nytt utkast til rekrutteringskampanje "Krik og krok". Målet er å auke kursverksemda og nå fleire deltakarar gjennom å ha kurs i fleire kommunar. Pr 2015 mangla Studieforbundet kurs i 92 kommunar. Kampanjen er tre-årig og målet er å ha kurs i 85% (364) av landets kommunar innan utgangen av 2018. Det blir lagt inn økonomiske verkemiddel, som oppstartstilskot som motiveringstiltak.

Vedtak:

Styret slutter seg til framlagt prosjektskisse. Styret sine innspel blir tatt med i vidare arbeid. Kampanjen blir lansert på årsmøtet i Studieforbundet.

21/2016 Båtbyggjarundersøkinga

Båtbyggjarundersøkinga er avslutta og arbeidsgruppa har hatt møte for oppsummering og vidare

planlegging. Tore Friis-Olsen presenterte undersøkinga og korleis prosjektet er tenkt vidareført gjennom to spor; Forbundet KYSTEN som motiverer eigne lag til å auke kursverksemda si. Forbundet KYSTEN og Studieforbundet som arbeidar ut eit framlegg til kursrekke etter læreplan i vidaregåande opplæring VG3 trebåtbyggjarfaget, opplæring i bedrift.

Vedtak:

Arbeidet med kursrekke i trebåtbyggjarfaget held fram. Styret sine innspel blir tatt med i det vidare utviklingsarbeidet.

22/2016 Ekstra tilskot VOFO sitt reisestipend

VOFO si reisestøtteordning har som mål å bidra til kompetanseheving, motivasjon og idéutvikling i opplæringsarbeidet i studieforbunda og medlemsorganisasjonane. Målgruppa er kurslærarar, tillitsvalde og tilsette. Styret diskuterte ulike måtar å forsterke denne ordninga på.

Maksimalsatser for stipend:	
Danmark og Sverige	kr.5.000
Finland, Barentsregionen og Baltikum	kr.6.000
Europa for øvrig	kr.7.000
Andre verdensdeler	kr.9.000

Vedtak:

- 1) Styret vil forsterke stipendordninga gjennom å yte eit ekstra tilskot på kr 3.000,-
- 2) Alle søkarande frå Studieforbundet som mottar reisestøtte får tilskotet. Same sum uavhengig av kva land mottakar skal til.

23/2016 Søknad om medlemsskap frå Folkeakademienes Landsforbund

Folkeakademienes Landsforbund har 28.03.2016 sendt søknad om medlemsskap. Dei er i dag medlem i Studieforbundet næring og samfunn. Folkeakademienes Landsforbund hadde i 2015 2.693 kurstimar.

Vedtak:

Søknad frå Folkeakademienes Landsforbund om medlemsskap blir sendt til årsmøtet med positiv innstilling. Folkeakademienes Landsforbund blir invitert til årsmøtet for å presentere seg.

24/2016 Eventuelt

* møte med Stortingsrepresentant Tone Merete Sønsterud og Studietilsynsforskriften og høgare utdanning.

Ved protokollen
Kjærsti Gangsø